

Telegrafan

Den gamle telegrafan Den store klassiske trebygningen var bygd som bustad i 1840-åra. Heile huset er no teke i bruk til kulturelle føremål, etter å ha tent som telegrafstasjon og apotek. I dag finn ein postmuseum og telemuseum i bygget og bygget er utgangspunkt for guida rundturar på gamle Lærdalsøyri i sommarsesongen.

This large neo-classical wooden building was built as a private residence in the 1840s, and has subsequently been used as a pharmacy and telephone exchange. Today you will find the Postal Museum and Telecommunication Museum in this house. The guided tours in the Old Lærdal starts also from this house.



© Manghild Aspevik

Telemuseum – Postmuseum

Lærdal si telegraf- og telehistorie strekkjer seg attende til 1858. Telemuseet si utstilling syner glimt frå ei spennande teknologisk utvikling.

Gjennom fotografi og illustrasjonar, tekstar, gjenstandar, modellar og lydklusser vert tilskodaren teke med på ei kort reise i lokal, regional og nasjonal posthistorie, under temaet «Frå fjord til fjell».

The Telecom and Postal Museum

The Telecom Museum and Postal Museum are dedicated to the history of the telegraph and telephone services in Lærdal dating back to 1858.

Øyragata

Velkomen til handel i vakre og tradisjonsrike Øyragata Ein autentisk og verdfull kulturhistorisk arv. Private huseigarar, kommunen og næringsdrivande restaurerer og tek vare på dei gamle trehusa. Buene og sjøhusa er dei eldste bygningane og hadde ein viktig funksjon i utviklinga av strandstaden. Framleis i dag vert dei gamle krambuene i det idylliske trehusmiljøet nytta til sal og utstilling.

Enjoy shopping on beautiful Øyragata

This protected area includes 170 houses, which form an authentic and valuable piece of cultural heritage. Private homeowners, the local council and businesses restore and take care of the old wooden houses. Also nowadays you'll find small, charming shops in the old houses – together with several art galleries, an exhibition on the protected area.



© Manghild Aspevik



© Manghild Aspevik

Lærdalsmarknaden

Høgdepunkt på sommaren, og kjent over heile Vestlandet, er Lærdalsmarknaden – ein tre dagars sommarfest som har fleire hundre års tradisjon. Lærdalsmarknaden finn stad i midten av juni og går føre seg i det idylliske trehusmiljøet på Gamle Lærdalsøyri. Folk handlar i bodene, ser på utstillingar, kjøper seg mat og nyt variert underhaldning frå scena. Lærdalsmarknaden aukar frå år til år og blir av mange sett på som sommarens motstykke til Rørosmarknaden.

Lærdølene har lagt seg på ei kvalitetsline, utan mykje juggel og tivoli. Me vil ha ein ekte og opphavelig marknad, samtidig som me prøver oss på noko nytt for kvart år! Haustmarknaden er også ein marknad som finn stad i Gamle Lærdalsøyri og er som regel siste helga i september. På haustmarknaden er det frukt og grønt som står i fokus då Lærdal er vurdert for sine flotte grønnsaker, frukt og bær.

Lærdalsmarknaden - the Lærdal Summer Fair

Well-known throughout Western Norway, the Lærdal Summer Fair is a three day market which takes place during the second half of June each year. The Fair is held in the picturesque old Village centre of Lærdal and offers an abundance of good food, good bargains at its many stalls, art-exhibitions and local entertainment. Welcome to our Summer Fair!

The Autumn Fair is also a market which is located in the Old (town) Lærdalsøyri and is usually arranged during the last weekend in September. The Autumn Fair is famous for its fruit and vegetables as Lærdal is known for its excellent agriculture.

www.laerdalsmarknaden.no



© Manghild Aspevik

LÆRDAL

GAMLE LÆRDALSØYRI - SENTRUMSKART - MAP



© Terje Rakke Nordic Life AS/Fjord Norway



www.sognefjord.no



SANDEN pensjonat

Tradisjonsrike Sanden pensjonat ligg midt i vakre Lærdalsøyri, og tilbyr rom og frukost. Pensjonatet er ope heile året, og har sju rom. Tre av romma har egne bad. Gratis trådløst internett. Online booking.

Øyragata 9 • 6887 Lærdal
Tlf. 57 66 64 04
post@sandenpensjonat.no
www.sandenpensjonat.no

Lindstrøm Hotel

All rooms are equipped with bath, telephone and satellite TV. Beautiful gardens, reception rooms, souvenir shop.

The oldest building, in a Swiss-style, dates from 1840.

The most recent structure was built in 1985

P.O. Box 114, NO-6886 Lærdal
Tel. +47 57 66 69 00
Fax +47 57 66 66 81
post@lindstroemhotel.no
www.lindstroemhotel.no

Scandinavian Design from various Epoues

LÆRDAL FERIE- OG FRITIDSPARK

- AT THE SOGNEFJORD

TEL. (+47) 57 66 66 95 • FAX (+47) 57 66 87 81 • WWW.LAERDALFERIEPARK.COM

170 Smaa huse tæt til sammen...

– slik såg biskop Pontoppidan Lærdalsøyri på ei reise gjennom Lærdal i 1749. Fram mot 1860 var det oppsving i handel og ferdsel, og staden vart eit knutepunkt mellom austland og vestland. I 1860 hadde tettstaden fått den utstrekninga som i dag, stort sett, utgjør dei verna områda på Lærdalsøyri. Veksten skjedde uregulert og organisk, langs veggen frå jektehamna og oppover til den militære ekserserplassen på Øyramarki.

Den «sjølvvrodde» tettstaden fekk stå uforstyrra for inngrep under den sterke bygginga som skjedde her i 1960- og 1970-åra. Dei nye funksjonane kravde større bygningar enn det gamle sentrum rådde over. Den frivillige organisasjonen «Arbeidsutvalget for bygningsmiljø på Lærdalsøyri» vart oppretta på slutten av 1960-talet og var med på å sikre at det ikkje vart ei omfattande riving av dei gamle, små trehusa.

Dette gjer at Lærdalsøyri i dag har ein omfattande og særers verdfull kulturhistorisk arv å ta vare på. Dei siste åra har private huseigarar, kommunen og nye næringsdrivande brukt store midlar på å restaurere dei mange trehusa i verneområdet, noko som har gjeve området nytt liv og innhald. Når turistar og fastbuande vandrar gjennom området i dag, opplever dei dette som særers «autentisk». Dette har samanheng med at alle partar legg stor vekt på å nytte fargar, profiler og materialer som ligg så nær det opphavlege som mogleg. Arbeidsutvalget har fått fleire prisar for arbeidet med å bevare den gamle strandsitjarstaden Lærdalsøyri.

Verneområdet omfattar 170 bygningar på Lærdalsøyri.



© Manghild Aspevik

The old town

One of Lærdal`s main attractions is the old village centre. 170 houses are included in a protection program administered by the local authorities. Most of the houses are between 100 and 170 years old, but a few date back to 1750`s.

With its safe harbour, and the old main roads coming down the valley, Lærdalsøyri by the middle of the last century held a position as an important centre of trade and communication between East and West Norway. However, trade and transportation patterns changed, and Lærdalsøyri became less important. By the turn of the century, the population had decreased. Today, both visitors and residents enjoy the area. The small shops, the offices and the café have brought new life into the old town.

Løytnantsbryggja

Det nye vegsambandet som sto klart i 1793 medførte etterkvart ein stor auke i handel og ferdsel mellom Aust- og Vestlandet, over Filefjell. Frå Lærdalsøyri måtte transporten vidare over i båt og dermed gjekk all frakt og ferdsle over denne jektebryggja fram til den først dampskipskaia vert bygd på 1860-talet. Her var eit yrande liv under den tradisjonsrike Lærdalsmarknaden. Hit kom handlande og reisande frå inn- og utland. Dei fleste sjøhusa vart leigd ut til handelsmenn under marknaden.

I gamal tid låg her rekkjer av ulike sjøhus på strendene mot sjøen. Av dei 11 som låg att ved jektehamna i 1850 er 7 enno tekne vare på. Det største er ein rein pakkbod-type som ein finn i ulike variantar langs kysten. I same rad ligg to sjøhus som òg ga opphald til menneske og dyr. Dei hadde begge avdelt rom bak i naustet. Den minste hadde berre sovelem over naustet.

Lofstypen attmed hadde utvendig trapp til sval framfor bustad i andre høgda. Bryggja har namn etter løytnant Hans Lem i Det Lærdalske Kompani, som vart oppretta i 1801. Løytanten budde her når det var ekseris på Øyramarki.

Løytnantsbryggja

The new road, completed in 1793, gradually led to a great increase in trade and traffic between East and West Norway, across the Filefjell mountain. The journey continued by boat from Lærdalsøyri, which meant that until the first steamship quay was built in the 1860s all transport of goods and persons went via this wharf. The wharf bustled with life during the traditional Lærdal market, a venue for traders and travellers from Norway and abroad. Most of the «warehouses» were let to traders during the market.



© Manghild Aspevik

In the olden days there were rows of different warehouses along the shore, facing the sea. Seven of the original eleven warehouses on the Lieutenant`s Wharf have been conserved. The biggest one is purely a storage house, of the type found in different variations along the coast. In the same row are two warehouses which also accommodated people and animals in separate rooms. The smallest of these just had a sleeping alcove above the boathouse. The ones with lofts also had an outside staircase to the small balcony in front of the first-floor living quarters.

The wharf was named after Lieutenant Hans Lem of the Lærdal Company, established in 1801. The lieutenant lived here when there were drills at Øyramarki.

Lærdal municipality is currently working on a project within sustainable tourism. There main focus in the project is tourism development which emphasizes ecological quality, social and cultural integrity, built environment and historic integrity, aesthetic appeal and future outlook. In this work we have picked three high quality experiences for you as a guest. These are

We recommend!

- JOIN US FOR A GUIDED WALK IN THE OLD TOWN OF LÆRDALSØYRI**
Join us for a walk between the beautiful houses in the old town of Lærdalsøyri. The main focus will be to learn more about this protected area and how everyday life was in the old days.
 - See the wharf where many said "goodbye" in their departure to "the Promised Land"
 - How about a taste of traditional pancakes in the old bakery?**For booking & information tlf. 477 10 901.**
- THE TASTE OF SWEET CHERRIES**
Take a guided walk with farmer and hostess Kari Sigrun Lysne on the farm of "Midt Ljøse" between the trees of sweet cherries. You will learn about the challenges within the production of sweet cherries and life on a typical Norwegian farm. The location and view is spectacular and see the marvelous "Ba" waterfall. An unforgettable taste of the famous sweet cherries...
For booking & information tlf. 908 58 191.
- BORLO BYGDDETUN – A LOCAL FARM MUSEUM**
Kari and Dagfinn Hegg Lunde will guide you through the local farm museum with 19 buildings and tell you the history and life of Borgund. They offer a wide collection of buildings, photos, tools and machines and is a local farm museum with heart and soul. Cinema in the basement. You will be able to buy coffee and traditional pancakes in the main house. An atmosphere to remember.
For booking & informasjon tlf. 416 90 435.

Gamle Lærdalsøyri 0 km →
Midt Ljøse Gard 14 km →
Borlo Bygdetun 40 km →

E16 Bergen – Oslo

We wish you a pleasant stay in Lærdal!

Gamlebanken

Gamlebanken vart ombygd frå krambu i 1926. Arkitekt var Johan Lindstrøm (1893 – 1958), fødd i Lærdal, utdanna i Stockholm og busett i Bergen. Huset er bygd som sparebank, med banksal og heradsstyre i fyrste høgda, og tingsal og kontor i andre. Stilen er klassisistisk, som var moderne i Europa på denne tida. Legg merke til gangen, som er inspirert Tut Ank Amons grav med den egyptiske veggfrisa, og inngangsdørene som er dekorerte med løvehovud.

Gamlebanken - the Old Bank

Gamlebanken (the Old Bank) was built in 1926. Johan Lindstrøm (1893 – 1958) was the architect. The house was built as a savings bank, with bank and county council on the ground floor, and court room and offices above. The style is classical, which was modern in Europe at the time. Please pay notice to the hall, which is inspired by the grave of Tut Ankh Amon, with the Egyptian animal on the wall, and the front doors which are decorated with lion's heads.



© Manghild Aspevik

Lærdal kommune jobbar for tida med eit prosjekt innan berekraftig reiselivsutvikling. Å ta vare på kulturarven er viktige element i eit berekraftig reiseliv og her er tre perler som er plukka ut som tips til deg som gjest i Lærdal.

Me anbefalar!

- BLI MED PÅ GUIDA VANDRETUR I GAMLE LÆRDALSØYRI**
Bli med på vandretur mellom dei flotte husa i Gamle Lærdalsøyri! Her får du høve til å lære meir om stransitjarstaden og korleis dei levde på Gamle Lærdalsøyri før i tida.
 - Sjå bryggja der mange tok farvel i avreisa mot «the Promised Land»
 - Kva med ein smak av tradisjonsrike lappar i Gamle Bakeriet?**For booking & informasjon tlf. 477 10 901.**
- SMAKEN AV MORELLE**
På Midt Ljøse Gard har de høve til å bli med på omvisning i morellehagen til gardbrukar og vertinne Kari Sigrun Lysne. Garden har fantastisk utsikt over Ljøse og den flotte Boafossen! Smaken av morelle du aldri glemmer...
For booking & informasjon tlf. 908 58 191
- BORLO BYGDDETUN**
Her tek vertskapet Kari og Dagfinn Hegg Lunde med deg på ein runde gjennom landsbruks historie og livet på Borgund. Med sine spennande samlingar av hus, redskap, foto med meir er Borlo Bygdetun eit familifrå bygdemuseum! I møkkakjellaren får du sjå kino og det er høve til å kjøpe seg kaffi og tradisjonsbakst i hovedhuset. Ein atmosfære utan sidestykke...
For booking & informasjon tlf. 416 90 435

Gamle Lærdalsøyri 0 km →
Midt Ljøse Gard 14 km →
Borlo Bygdetun 40 km →

E16 Bergen – Oslo


Me ønskjer deg eit hyggjeleg opphald i Lærdal!

Vandring gjennom Gamle Lærdalsøyri – Fine trehus og vakre hagar!

Lærdal sitt gamle sentrum er eit av dei mest særeigne trehusmiljø i Noreg. Ta deg tid til ein time med roleg vandring og nyt synet av pastellfarga trehus og fargerike hager.

Start ved Telegrafan (ope medio juni – medio august). Frå galleriet går du til høgge gjennom Øyramarki, mot Hauge kyrkje, den einaste trekyrkja i landet med to tårn! Ved kyrkja går du togonger til høgge og attende gjennom Kyrkjegata, forbi bautasteinen over det berømte Lærdalske kompani. Ved enden av Kyrkjegata tek du av til høgge gjennom Telthusvegen – så til venstre, forbi Telegrafan og Lindstrøm hotel.

Fortsett gjennom Øyragata med husflid- og antikutsal, og nyoppussa Potters Kafe, forbi Gamleholdeplassen, og gå til høgge gjennom Ørnegeata, med dei fine små husa og fargerike hagane til Løytnantsbryggja og kunstnarverkstaden. Frå Løytnantsbryggja fortset du gjennom Ørnegeata, forbi den rosa og ny-klassisistiske Gamlebanken, Kvammegården og attende til Telegrafengjennom bagkata til Øyragata. God tur!



Old Village Centre walk – Past colourful wooden houses and their pretty gardens!

You are on holiday! – So why not take the time for å relaxing walk through Lærdal`s old village centre! Duration: 1 hour (you can also take a short version by starting at the Telegrafan and turn left into Øyragata)

Start at the Telegrafan (open medio June – medio August). Turn right and walk along Øyramarki to the Hauge Church from 1850 – Norway`s only two-towered wooden church. At the Church you take two right turns, and return through Kyrkjegata with its monument over the famous "Lærdalske Kompani". At the end turn right through Telthusvegen, then left past the Telegrafan and the Lindstrøm hotel.

Continue through Øyragata with its charming souvenir and antique shops, the newly renovated Potters Café and galleries, cross the square (Gamle holdeplassen), turn right at Ørnegeata past small houses and colourful gardens to Løytnantsbryggja (the Lieutenant`s Wharf). Continue through Øyragata, past the pink-painted, neo-classical bank building, Kvammegården square and return to Telegrafan through the small side-street. Enjoy your walk!

WELCOME TO THE NORWEGIAN WILD SALMON CENTRE

– a popular attraction in Lærdalsøyri Village!

- Fishing simulator
- "The English Salmon Lords"
- Award-winning film
- 20-metre aquarium
- Wild salmon
- Fly tying workshop
- Trout
- Interactive Exhibitors

NORSK VILLAKS SENTER

Lærdal – by the Sognefjord!

P.O. Box 6, 6886 LÆRDAL – Tel. + 47 57 66 67 71
E-mail: post@norsk-villakssenter.no – web: www.norsk-villakssenter.no